



Det er eit stort potensiale for festivalar i Kvinnherad.

**Festidalen kjem att i år etter ein pause sist sommar og arrangørane skal i aksjon allereie i jula, opplyste Morten Vevatne under kommunen sitt festivalseminar på Husnes denne veka. Han meldte at dei har engasjert ein artist, men ville førebels ikkje ut med namnet. Arrangementet blir 2. juledag, på Dønhauglåven.**

Musikkanmeldar og journalist Asbjørn Slettemark var innleiar under seminaret og la dei 20 deltakarane på sinne at dei skulle ha fokus på det dei brenn for.

- Tenk ikkje så mykje på det økonomiske, for ein blir ikkje rik av å vera festivalarrangør. Eit anna godt råd er å veta kva publikum vil ha, sa han.

Marknadsføring var eit sentralt tema under seminaret og Slettemark la vekt på at det gjev god PR å få heile bygda til å slutta opp om arrangementet, som i Skånveik og Rosendal. Det dreg også folk hvis festivalen kan framstå på ein eksotisk stad.

Slettemark meinte at Kvinnherad har eit stort potensial for festivalar.

Festidalen stilte mannsterkt under festivalen, med seks representanter, melder innsida.no.

Av Ola Matti Mathisen



Festivalen stilte mannsterkt under seminaret. (Foto: innsida.no)